

1968/74. årgangen  
Det Norske Samlaget

Skriftstyre  
Bjarte Birkeland og Berge Furre

# Syn og Segn

3

Tarjei Vesaas/  
Det Norske Samlaget  
100 år

Sigmund Skard/  
Det Norske Samlaget  
i fortid og framtid

Ralf Friberg/  
I skuggen av Kekkonen

Finn Benestad/  
Det nasjonale tonefall

Jan Anker Frøydarlund/  
Fem dikt av  
Federico García Lorca

Halldór Sigurdsson/  
Rubén Darío  
Diktargeniet frå Nicaragua

Georg Borgström/  
Kan vi stanse  
overutviklinga?

Pavel Fraenkl/  
Ein teaterhistorisk  
sensasjon



## Halldór Sigurdsson/ Rubén Darío

### DIKTARGENIET FRÅ NICARAGUA

Eit av dei store språkområda i verda — det spansktalande — heidra i fjor minnet om ein av sine største diktarar og arven etter han. På Filippinane, i spanske område av Afrika, på den iberiske halvøya og i atten republikkar på den vestlege halvkula har dei på ein eller annan måte hugsa den store lyrikaren, essayisten og prosadiktaren som vart fødd for hundre år sidan. I Havanna møttest kjende diktarar frå dei latinamerikanske landa for fyrste gong. Jamvel i ein avsidesliggjande nordisk by vart laget til spanskstudentane oppkalla etter dikteren; det var ved Århus Universitet. SN-organisasjonen UNESCO heldt ei minnehøgtid i Paris. Og heile året til endes er minnet hans høgtida i alle byane i Spania. All denne heideren gjeld ein mann som heitte Félix Rubén García-Sarmiento. Men det var ikkje det namnet han vart kjend under. Forfattarnamnet hans var Rubén Darío, og det er rett og slett *det* han alltid har heitt for millionar menneske i den spansktalande verda.

Han var ikkje eingong spaniar. Han var frå Nicaragua, den sentralamerikanske republikken. Rubén Darío må seiast å ha vore ein av dei få som fekk eit namn som vart meir kjent ute i verda enn i det landet der han var fødd. Han vart då òg rekna som ein av dei største forfattarane som har stått fram innanfor det spanske kulturområdet. Pedro Henríquez Ureña seier i det snart klassiske verket «Soga om den latinamerikanske kulturen» at Darío må reknast som «den fremste dikteren Latin-Amerika har fostra».

Rubén Darío vart fødd den 18. januar 1867 i landsbyen Metapa nord i Nicaragua. Før han kom tilbake 49 år seinare, for å døy i provins hovudstaden Leon, hadde han levd i mange land på begge sidene av Atlanteren — og på vegen hadde han gjort varige brigde i spansk dikting.

---

*Eit og anna om litteraturen på det latinamerikanske kontinentet når etter kvart Europa. Sist fann ein nobelpris vegen dit. I denne artikkelen presenterer Halldór Sigurdsson Rubén Darío frå Nicaragua. I tiåra kring hundre-årsskiftet førte han modernismen til*

*den spanske språkverda. I fjor var det hundre år sidan han vart fødd, og over heile den spansktalande verda vart dagen høgtida. Kjende diktarar frå heile det latinamerikanske kontinentet møttest for fyrste gong til minnehøgtida i Havanna.*



Rubén Darío hadde det annsamt heile livet. Han kunne lesa tre år gammal, dikta frå han var fem, og han kunne læra frå seg spansk grammatikk då han var fjorten. Kjærliglivet hans tok til mest like tidleg. Han var emno berre ein gutpøyk då han gjorde kur til ei «jomfru, edelt bleik, med grøne augo og kastanjelegare hår». Han var ikkje 16 då han tevla med presidenten i El Salvador om ei fager dros.

Ingen stader fann han ro i sinnet. Gjennom kjenskap og venskap kom han seg inn i diplomati og budde skiftevis i Madrid, New York og Paris, Buenos Aires, San Salvador og Santiago de Chile. Som ein latin-amerikansk sendemann seinare skreiv: «I august 1893 kom den nye konsulen frå Colombia til Buenos Aires. Han var ikkje colombianar og mest ikkje konsul. Men det var Rubén Darío.»

Alle stader dikta han — ofte som ei djupt meint hylling til vertslandet — og den geniale lyrikken hans, som bygde på tidlause emne der alle kan kjenna seg att, gjorde at han smøgt vart kjend og kjær alle stader der det vart lese spansk.

Tjuve år gammal kom Darío til Santiago de Chile. I den store sør-amerikanske hovudstaden syntest dei det var noko særmerkt ved den unge mestisen frå Mellom-Amerika — han såg framandsleg ut og verka mykje eksotisk. Ein som var der, undra seg og skildra han som «denne sjokeladebrune indianaren, med hender som ein marki, og med det kjensletunge andletet til ein asiatisk skoggrud».

Kort tid etter at han kom dit, skreiv Darío ei lita diktsamling, «Azul» («Blått»), som straks vart lagd merke til. Dette gjennombrøtsverket peika ut ein ny veg for den spanske diktekunsten, som snart skulle lengjer av nye verk, mellom dei «Songen om Argentina og andre dikt». Denne diktsamlinga skreiv han i det nye vertslandet Argentina, der han arbeidde i fleire år som journalist i det store Buenos Aires-bladet *La Nación*.

Den store nicaraguanaren, med det tunge, ulendte andletet og dei trugande augo, kom til Madrid i 1892 som utsending for den argentinske avisa. Han gjorde spaniarane kjende med *el modernismo* — nyskapinga i diktekunsten, som voks fram i Frankrike med slike folk i brodden som Mallarmé, Verlaine og Baudelaire. Med modernismen gjorde Darío opp med den borgarlege materialismen frå det 19. hundreåret, og søkte i staden å gje uttrykk for dei estetiske verdiane i tilværet. Før Darío kom, var den spanske lyrikken dominert av det José Ortega y Gasset har kalla «verskunst til byråkratane».

1898 skulle bli eit lagnadsår i spansk politisk historie. Det året miste nasjonen dei siste restane av det imperiet som i farne tider hadde vore så ageleg verdsfemmande. Filipinane, Puerto Rico og Cuba fall i hendene på sigerherren i krigen, USA. Ei lammande modløyse breiddde seg over Spania — eit land som lenge hadde sjukna bort i skuggen av dei nye

verdsmaktene, Storbritannia og Frankrike.

Det var i denne mørke stunda at ein livsfrisk mann frå dei gamle spanske områda i den nye verda på nytt gjorde inntog i Madrid. To år før hadde han gjeve ut diktsamlinga «*Prosas Profanas*», ein milestolpe i lyrikken hans. I føreordet til denne boka seier han: «Kona mi er frå heimlandet mitt; ho eg elsker er frå Paris.» Det var eit råkande og poetisk uttrykk for livsverket til Rubén Darío: ei blodoverføring frå den franske diktekunsten til den spanske. Men Darío var slett ikkje ein som berre tok etter ei ny litterær retning. Teknisk var han ein makelaus virtuus, og dømmen i ettertida har vore at verket hans «for alle tider gav den spanske diktekunsten ein ny og større musikalsk rikdom, særleg då i rytmen». Han eksperimenterte kvilelaust med forma, stundom så vågalt at han kollsegde. Men under hans innverknad nya den spanske diktninga seg opp att som ingen hadde sett det sidan «gullalderdiktninga» nesten fire hundre år før.

Nederlaget i 1898 gav støyten til at ei rad spanske forfattarar, seinare kjende som «*artlleden* frå 98», for alvor tok opp lagaden til Spania — ikkje ved å drøyma seg attover i tida, men ved ei pinefull sjølvgranskning av den aktuelle stoda nasjonen var i, og den framtida som kunne koma. Det var forfattarar som Angel Ganivet, José Martínez Ruiz («Azorín») og Miguel de Unamuno. Opp mot desse svartsjåarane sel Rubén Darío i med sin maktfulle poesi, ikkje minst i diktet «Helsing frå optimisten», der han ropar ut eit leve til dei «udøyelege rasane av stordom, born i blodet av det grøderike Hispania». Mest merkande er likevel innverknaden frå Darío hos dei spanske diktarane Ramón del Valle-Inclán, den seinare nobelprisvinnaren Juan Ramón Jiménez, og ikkje minst dei tre diktarane frå Andalucía, brørne Manuel og Antonio Machado og García Lorca.

Rubén Darío fekk så mykje å seia for utviklinga av spansk diktning at det seinare har vorte karakterisert som innleiinga til ein sann renessanse i spansk litteraturhistorie, i Spania som i heile Latin-Amerika. Men alt i fyrstinga av fyrste verdskrigen kunne ein merka teiken til opprør mot «modernismen», mot ein språkbruk som stundom var noko overspent og blømande — mot prinsessene, svanene og dei eksotiske bileta hos Rubén Darío.

Den meksikanske diktararen Martínez skreiv den vidgjefne sonetten «Vri halsen av på svana». Og då den nicaraguanse diktararen Urtecho i 1925 kunnngjorde denne avslutninga til den stadig påverknaden frå Rubén Darío (det er nærast uråd å onsefja diktet):

En fin Rubén  
paisano, te saludo





Latin-Amerika, anten i diktinga deira eller som tilskuv til direkte politisk handling, i fredstíð som i krig; fyrst vende dei seg mot den spanske kolonimakta, seinare mot tyranniske maktavasar.

Eit av dei mest kjende dikta av Darío er frá den namngjetne boka «Songar til livet og til vona» frá 1905, der ein ny, mogen og alvorleg tone slár igjennom i verket hans. I føreordet skriv han: «I morgon kan det henda vi har vorte yankear, og det er vel det vi må rekna med. Men likevel, her kjem eg med ein protest.» Diktet vi siktur til her, heiter «Ode til Roosevelt», og ein må sjå det i lysset av det spanske nederlaget mot Sambandsstatane i 1898, då Theodore Roosevelt spela ei framskoten rolle som offiser i dei amerikanske invasjonstyrkane på Cuba. I 1903, då han hadde vorte president i USA, trunfa han igjennom den illgjete «lausrivinga» av Panamá, og førte ein politikk andsynes Latin-Amerika som var berrsynleg ekspansiv, og som han sjølv kalla «storstokk-politikken».

I diktet sitt målber Rubén Darío at i og for seg ser han opp til jegeren, kulturmannen og oppdagaren Roosevelt, og deretter tek han avstand frå den materialismen og maktpolitikken som sermerkjjer det nye Nord-Amerika. «Skal vi dragast inn under dei ville barbarane?» spør Darío retorisk, og seier så til Roosevelt: «De har alt hos Dykk, utan eit: Gud!» Han sluttar: «De trur at livet er ein brann, /at fransveg er vulkanutbrót, /at der riflekula rákar, /opnar seg morgondagen. /Nei.»

Alt frá han var ung, gjekk Rubén Darío — som bladmann, redaktør og diktar — sterkt inn for at dei fem sentralamerikanske republikkane skulle gå saman i ein politisk sambandsstat: «Eit samband, for at orkanane skal stílna, /for at sanningstímen skal koma, /for at sigeherrane skal leggja til ro /i blombedet sine blenkjande sverd, /for at vi alle kan vera som ærlege vener . . .»

Dette klageropet må vi sjå mot bakgrunnen av ustanslege krigar i to generasjonar for og imot unionstanken. Jamvel då utsendingar frá dei fem republikkane endeleg kom seg til tingingsbordet og var át á semjast om eit stats samband, braut det ut krig mellom dei ansvarslause makt-havarane.

Rubén Darío var engasjert i problema i samtíða. I det styrket stakk han seg ikkje ut frå hundretals latinamerikanske intellektuelle før han og etter han. «Diktarane gjer det andre menneske gjer.» skreiv han, «og áttåt det skriv dei poesi.» Likevel hadde han ikkje noko godt lag med dei praktiske sidene av tilværet — så langt ifrå. Begge ekteskapa hans var ulukkelege. «Som menneske har eg levd kvar dagslivet.» vedgjekk han ein gong. «Som diktar har eg aldri fare toskut fram, for eg har alltid trádd etter det evige.»

Då Rubén Darío var i slutten av førtiára, reiste han tilbake til heimlandet. Han var alt øydelagd på kropp og sjel av morfinbruk gjennom

con mi bombín

que se comieron los ratones en

1920 i cin-

co. Amén.

— ja, då fall jamvel det lokale parnasset i Nicaragua ifrå og freista koma seg ut or fangtaket til den aristokratiske, men no gammalvorne modernismen. Den kulturkritikaren vi har nemnt. Ureña — for bette á ta med ein — er likevel ikkje i tvil om plassen til Rubén Darío i den spanske språklege litteraturen; han seier beint fram at han førte med seg «ein revolusjon».

Heile livet igjennom kjende Rubén Darío seg dregen til Frankrike, og det så sterkt at det kunne minna om morshinding. I «Sjølvsbiografi» skriv han at heilt frå han var barn hadde han bede til Gud «at han ikkje måtte la meg døy utan eg hadde fått sjå Paris». Paris vart det andre lyriske fedrelandet for Darío.

Ein slik dragnad mot gallisk ándskultur var då som no vanleg mellom dei intellektuelle i Latin-Amerika. Diktinga til Darío var ikkje berre vigd «ei ovfager, nordisk-blond prinsesse i Paris», men var like mykje påverka av dei fridomstankar og demokratiske ideal som heilt sidan den store Franske revolusjonen har hatt mykje á seia for dei intellektuelle i



mange år og av hang til drykken gjennom eit heilt liv. «Sjela mi,» skreiv han, «er sorgsam til døden.» Stutt etter døydde han av lever-cirrhose, 49 år gammal. Det var i 1916.

No byrja striden om hjernen til den avlidne dikteren. I sjølvbiografien hadde han skrive: «Eg drøymde at hækne og heidne hender sulka til gatene, gjorde brusteinane raude med blodet frå hjernen min, som dei hadde rive ut or hovudet på meg.»

Det synt seg at det var profetiske ord. Verbør til dikteren, som var væpna med revolver, reiv til seg hjernen under obduksjonen — men fyrst etter at han hadde slåst med lækjaran, som stod med «diktarhjarata i eine handa» og ein operasjonskniv i den andre. Hjernen til Darío vart lagd ned i ei krukke, og fekk seinare eit skiftande tilvære, fyrst som suvenir, seinare som granskingsemne for «vitenskapen». Fleire gonger fekk han ny eigar, dei to siste gongene etter regelrett tjuveri. Det siste som er frett, er i alle høve det eg sjølv fekk vita førre året i hovudstaden Managua — at diktarhjernen skal vera komen i hendene på «ein kvinneleg medlem av overklassen i Managua». Grodt stoff for dei kulturinteresserte avisene i Nicaragua.

I røynda finst det lite kulturstoff å skriva om i Nicaragua. Så mykje som 92 prosent av folket kan ikkje lesa og skriva. Der kan såleis snaut vera røyntleg grunnlag for ordet som går om at sidan Rubén Darío døydde, skal nicaraguanarane ha «slutta å arbeida fordi dei vil gå heilt opp i diktekunsten».

Geni kjem til verda utan omsyn til kulturgeografien: Den mannen som vart utnemnd til «den fremste borgaren av Latin-Amerika», og som med diktninga si «fekk to tredjepartar av kontinentet til å skjelva» — denne mannen blir ikkje nemnd med eitt ord i turistbrosjyrane i heimlandet.

Ein flittig turist vil likevel oppdaga at i hovudstaden Managua er det sett opp ein statue. Den står i eit hyrne av palmeparken, som ligg i sentrum av den svevnunge hovudstaden. Kringom sokkelen leikar alve-møyar, nymfer, havfruer og nokre englar i lag med swaner; to valkyrjer voggar i ein båt med blomar, den eine hallar seg trøtt mot ei harpe, den andre blæs i trompet. På toppen av sokkelen ein sorgtyngd mann, kledd i lette laken. Ein kvinneleg erkeengel står på akselene hans og legg ein laurbærkrans kring hovudet på han. Ved foten av statuen står det: FRA NICARAGUA TIL RUBÉN DARÍO.

Det fæle minnesmerket er likevel reist før det styret vart innsett som no rår i landet under leiing av Somoza-dynastiet, og som kom til makta for ein generasjon sidan etter ein amerikansk militærintervensjon.

Då offisielle sendelag frå alle dei portugisisk- og spanskatalande landa ute i verda byrja koma til Managua for å høgtida hundreårsdagen for

den store dikteren i fyrstinga av 1967, braut det ut ein folkeoppstand i hovudstaden, som kosta 40 menneske livet. Det er ikkje gjort store framsteg sidan Rubén Darío i 1905 skreiv si diktsamling «Songar til livet og til vona». Her ropa han ut at alle i Nicaragua skulle vera «frie, bli som ei løve [. . .] eller møta i døden heider /og i dødsstunda skrika: Fridom!»

Dei einaste løvene som finst i Nicaragua i dag, er dei som Somoza-ætta har i bur i den underjordiske dyrehagen under presidentpalasset, som ligg på toppen av ein vulkan i sentrum av hovudstaden, ut mot Managua-sjøen. Politiske fangar blir sperra inne i bur jamsides løvene. Det høyrst kanskje merkeleg. Men Somoza-klanen, som har sete med makta utan avbrot sidan 1933, er eit underleg døme på kva diktatur kan utarta til.

Det er berr ein slump — men nokså ironisk — det den venezuelanske dikteren Arvelo Larriva skreiv i eit sørgjedikt då han i 1916 fekk høyra at Rubén Darío var slokna. Dei siste linene i dette diktet lyder: «Dronning av det indianske blodet, dronning av den spanske sjel, /du dronning som kan henda er sperra inne, /Nicaragua er åleine [. . .] /Åleine med dikteren, sjøen og vulkanen.»